

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 19.04.2017

Representanten John Helge Gullaksen sette fram følgjande framlegg på vegner av H/V/FRP:

«Utvalget ønsker å slå saman Vg2 og Vg3 Interiør v/Fitjar vgs for skoleåret 2017/18. Dette som et prøveprosjekt dette skoleåret av hensyn til skolen og elevene som ønsker å fullføre sin utdanning på Fitjar. For å finansiere dette benyttes deler av skolens opparbeidede fond, viss dette er mulig».

Representanten Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande forslag på vegner av SP:

«Innstillinga til fylkesrådmannen vert vedteke med unntak av:

1. Fitjar vgs Vg2 Interiør og utstillingsdesign
2. Fitjar Vg3 Interiør
3. Kvinnherad vgs Vg1 Service og samferdsel»

Representanten Emil Gadolin sette fram forslag til følgjande tilleggspunkt til fylkesrådmannen si innstilling:

«Innspill frå Y-nemnda i møte datert 18.04.17 i sak 40/17 skal tas med i behandlingen av tilbudsstruktur høsten 2017. Administrasjonen bes vurdere de ulike forslagene frå Y-nemnda i denne prosessen.»

Representanten Marjala bad om punktvis røysting over Fosse Andersen sine forslag.

Røysting

Gullaksen sitt forslag vart vedteke med 9 røyster (H/FRP/V/MDG/SV/R)

Fosse Andersen sitt forslag pkt. 1 fekk 1 røyst (SP) og fall

Fosse Andersen sitt forslag pkt. 2 fekk 1 røyst (SP) og fall

Fosse Andersen sitt forslag pkt. 3 fekk 3 røyster (SP/SV/R) og fall

Fylkesrådmannen sitt forslag med unntak av Gullaksen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir **lagt ned** frå skuleåret 2017/18:

Rubbestadnes vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Odda vidaregåande skule	Vg2 Byggeteknikk
Øystese gymnas/Norheimsund vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy
Voss vidaregåande skule	Vg3 Landbruk
Askøy videregående skole	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skole	Vg2 Data og elektronikk
Osterøy vidaregåande skule	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag
Sotra vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Knarvik vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign

2. Følgjande programområde blir **oppretta** frå skuleåret 2017/18:

Bergen maritime videregående skole Vg3 Skipselektrikar

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette innføringsklassar ved fleire skular i Hordaland dersom det viser seg at det blir behov for dette i løpet av våren/sommaren 2017
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje ned innføringsklassar ved skular utanfor Bergensområdet dersom det viser seg at elevgrunnlaget blir for lite før skulestart.

Tilleggspunkt:

«Innspill frå Y-nemnda i møte datert 18.04.17 i sak 40/17 skal tas med i behandlingen av tilbudsstruktur høsten 2017. Administrasjonen bes vurdere de ulike forslagene frå Y-nemnda i denne prosessen.»

Protokolltilførsel:

KRF og AP varsler at man kommer tilbake til spørsmål angående de aktuelle tilbudene ved Fitjar vgs og Kvinnherad vgs fram mot førstkommande fylkesutvalg 03.05.17.»